

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Vannføring

Oppskr. av: H. Sandalsbakke

(adresse): Dovik

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Dovik

Bygdelag: Endre - Dovik

Gard: Endre, Bekeland m. fl.

G.nr./B.-nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.B. Eller om den ^{er} etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):*Spinnelsmannen 80 år gammal. Bekeland*

SVAR

1. Ja ein både har brukt og brukar framleis mange stader å bera vatn med vass-sele og tvo bøtter. Ein brukar både namnet vass-sele og børtre. Ein brukar den typa som er uthola for halsen og som kviler likt på baa herdane slik at ein held ei hand i kvar bøtte. Før hadde dei vidjar og trekkrokrokar. No brukar ein helst tog eller jarnlekkje med jarnkrokar. Det er nok ikkje heilt slutt med å bruka trebøtter endå, men det ikkje mange som har trebøtter aūt. Dei andre typene av vass-sele er ukjende her.
2. Her er ingen som kjenner til at det vart henta vatn i kar som det måtte vera tvo til å bera. Vass-så er kjent, men det var eit større kar som tok fleire tynner. Var det lang veg å bera vatnet, la ein gjerne ein liten einekvist eller liknande i bötta så det ikkje skulle skvumple over.
3. Egrikkje kjendt.
4. Kven som bar inn vatnet var så ymse. Diverre er det nok kvinnene som har havt den stridaste tøm med det. Men halvvoxne born vart ofte nytta til det og voksne mannfolk også når dei var heime og hadde tid til det slik som sundagan p. 1.
5. Å bera vath med børtre og bøtter er altfor mykjendt endå diverre mange stader. Det er brukt både på store og små bruk der dei ikkje har fått innlagt vatn.
6. I lange frostperioder om vinteren når bekkane tryt opp slåk at ein lyt henta vatnet lange vegar, då lyt ein køyra det heim på slede eller vogn ettersom føret er, eller ein kan dra det på kjelke.
7. Mange bruk har havt innlagt vannspring i kjøken og fjøs lenge, men diverre dfi nst det fleire bruk der ein endå må bera det inn på den gamle måten. Det er helst på slike stader der det vil falle sers kostbart å få det inn og naboane ikkje kansemjast så mykje at dei slær seg saman til å kosta vannledning ilag. Men inntressa for å få innlagt vath er i gledeleg vokster.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten nothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei*

Har ein bruka kumøkk til brensel ? *Nei*